



## Saksprotokoll

**Organ:** Kontrollutvalet

**Møtedato:** 27.02.2018

**Sak nr.:** 17/9221-5  
**Internt I.nr.** 10841/18

**Sak:** 4/18

**Tittel:** Rullering av plan for forvaltningsrevisjon 2016-2020 -  
Forslag til prosjektplan

### Behandling:

#### Forslag til vedtak:

1. Kontrollutvalet bestiller felles rullering av dei vedtekne planane for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020 i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet.
2. Ev. ny korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 14.03.2018.
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
4. Kontrollutvalet ønskjer at rulleringa, inkludert forslag til oppdatert plan for forvaltningsrevisjon, er klar frå Deloitte si side innan utgangen av mai 2018.

### Handsaming i møtet:

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Frode Løvlie, presenterte forslag til prosjektplan for rullering av plan for forvaltningsrevisjon og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Prosessmøte med kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune skal haldast 22.05.18. Deretter prøver ein få til felles møte med kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 4.6.2018. Det vert også lagt opp at det i dette felles møtet skal diskuterast andre saker i høve samanslåinga av dei to fylkeskommunane.

### Endringsframlegg:

Det kom ikkje fram forslag til endringar i prosjektplanen. Det betyr at siste del av punkt 1 og heile punkt 2 går ut. Punkt 2 – 4 vert endra til 2 – 3. Vidare kjem nytt punkt 4 og 5 som gjeld prosessmøter inn.

### Avrøyting:

Med desse endringane vart slikt vedtak samråystes vedteke.

### Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Kontrollutvalet bestiller felles rullering av dei vedtekne planane for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020 i Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan.
2. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.
3. Kontrollutvalet ønskjer at rulleringa, inkludert forslag til oppdatert plan for forvaltningsrevisjon,

- er klar frå Deloitte si side innan utgangen av mai 2018.
4. Deloitte skal halde prosessmøte med kontrollutvalet i Sogn og fjordane fylkeskommune i møte 22.05.2018.
  5. Utvalet ønskjer også å få til eit felles prosessmøte med kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 04.06.2018. Dette møtet kan også nyttast til å diskutere andre saker i høve samanslåinga av dei to fylkeskommunane.